



Stab

Personal og løn

Personal- og lønsavdeling har 3,9 årsverk. Avdelinga sine hovudoppgåver er:

- Utvikling og vedlikehald av overordna arbeidsgivarpolitikk
- Støtte og rettleiing til einingane i utøving av arbeidsgivarpolitikken
- Lønsarbeid, lokale lønsforhandlingar og rettleiing til einingane i lønsarbeid og i relevant lov- og avtaleverk som gjeld personalområdet
- Bistå einingane i rekruttering og kompetanseutvikling
- Overordna ansvar for HMS/IA-arbeid
- Samarbeid med fagorganisasjonar og verneteneste

Avdelinga har nesten ikkje hatt sjukefråvær. Samarbeidet med tillitsvalde, verneteneste, topp- og einingsleiing fungerer godt. Avdelinga er framleis svært sårbar ved evt. sjukefråvær, særlig gjeld dette lønsarbeidet.

Fagstab

Fagstaben består av

- Seniorrådgivar kvalitet og beredskap
- Pedagogisk rådgivar barnehage
- Pedagogisk rettleiar

Økonomi

Økonomiavdelinga i Giske kommune har 4 tilsette og 3,8 årsverk. Avdelinga sine hovudoppgåver er:

- Føre rekneskap til Giske kommune og Giske kyrkjelege fellesråd, Gjelds- og finansfovaltning
- Utarbeide samla årsbudsjett og økonomiplan for kommunen og rapportering og oppfølging av dette
- Gi einingsleiarar m/fl. støtte og rettleiing innan økonomi, samt brukarstøtte for budsjettverktøy, økonomi- og e-handelssystem.
- Vere kommunen sitt kontaktpunkt i høve innkjøpsfelleskapet på Sunnmøre, Nordre Sunnmøre kemnerkontor, skatteoppkrevjing og arbeidsgjevarkontroll

Avdelinga leverer i hovudsak tenester til interne brukarar. Det er likevel ein del publikumskontakt knytt til fakturakopi og spørsmål om utsende faktura, lån og aktivitet kring innkrevjing. Avdelinga er avhengig av godt samarbeid med eksterne leverandørar, lån- og finansforvaltarar, samarbeidskommunar og andre samarbeidspartnarar.

Controller vil først vere på plass frå 2024.

Kultur, service og næring

Eininga Kultur, service og næring hadde i starten av året 10,7 stillingar fordelt på 12 personar. Frå 1. august 2023 kom merkantile frå skule og helse inn i eininga og ein ungdomsarbeidar vart tilsett. Eininga har ved årsskiftet 15 tilsette og 13,5 årsverk. Avdelinga sine hovudoppgåver:

- Sentralbordteneste samt informasjon og rettleiing av innbyggerane knytt til kommunale avgifter, bustønad og startlån
- Giske kommunes felles saksarkiv
- Politisk sekretariat
- Ansvar for førebuing og gjennomføring av kommune- og Stortingsval.
- Bibliotekteneste
- IT ved systemintegrator
- Næringskontor
- Kulturkontor
- Frivillegsentralen
- Merkantil teneste til skule, helse, barnehage
- Ungdomsarbeid og SLT-koordinator

Hovudmål

Levere god service til innbyggerane og politisk leiing gjennom å vere godt oppdatert på det som skjer i kommunen. Sørge for at politiske saker vert sendt ut i rett tid. Gi god og nyttig informasjon til innbyggerane om ulike tenester og legge til rette for digital sjølvbetjening der det er mogleg. Gi gode bibliotektenester og samhandle med innbyggerane gjennom Frivillegsentralen. Siste halvåret er det jobba mykje med forebyggjande arbeid retta mot ungdom.

Kultur

Det vart betalt ut kulturstøtte til frivillege lag og organisasjonar innan musikk, idrett og museum/historielag samt tilskot til 17. mai-feiring. UKM hadde deltakar-rekord under forestillinga på Valderøy barneskule 11. mars. Det vart også arrangert UKM-verkstadar i januar og februar. Arbeidet med plan for Friluftlivets ferdseårsar er igangsett og skal ferdigstillast i løpet av 2024.

Kultur har også ansvar for søknadar og oppfølging av det som gjeld spelemidlar til idretten. Desse blir sendt vidare til Møre og Romsdal fylke for avgjerd.

Ansvar for Den kulturelle skulesekken vart flytta frå oppvekst til kultur og arrangerte for første gong eit stort felles tverrfagleg kulturprosjekt med bidrag frå alle skulane i kommunen - Giske Science Opera. Ungdomsrådet og nyttilsett ungdomsarbeidar arbeider med å få starta opp ungdomsklubb. Eit omfattande arbeid er også igangsett med forebygging mot radikalisering og kriminalitet gjennom SLT-arbeidet som er støtta av Konfliktrådet. Fire mentorar har vore på opplæring i 2023.

Næring

Det har blitt gitt rettleiing til personar som vil starte ny næring og gründerar gjennom Hoppid. I tillegg er det tilbod om kursing for nyetablerarar gjennom Entreprenørny. Det er også gitt støtte etter søknad frå Hoppidfondet.

Ei viktig og tidkrevjande oppgåve har vore å planlegge og vidareutvikle fiskerihamn og næringsområde på Gjønsund. Det har vore mykje møteverksemd og kontakt med næringsaktørar og andre aktuelle partar i dette arbeidet både internt og eksternt.

Frivilligsentralen

Den kulturelle spaserstokk har hatt fleire tilstellingar i 2023, mange i samarbeid med pensjonistlaga og eldrerådet i kommunen. Har også vore med på eldredagen med bidrag. Sysselsetting med NAV på Frivilligsentralen har gått omtrent som normalt. Nokre har fått jobb, nokre har begynt på skule, og nokre er framleis med i prosjektet. Aktiv ferie vart arrangert som tidlegare år, i 2023 hadde vi 6 uker med aktiviteter og over 600 aktivitetar.

Klubb for PU er kvar 3. veke og det vert også arrangert turar gjennom året i helgene. Desse er støtta av Gjensidige og Sparebanken møre

- *Arbeid med stiar er vidareført.*
- *Stor auke i hjelp til privatpersonar*
- *Tv aksjonen og bøsseaksjon*
- *Utdeling av matkasser til jul og påske i samarbeid med butikkar og privatpersonar. 60 familiar fekk tilkøyrt desse. Fekk støtte fra MR fylke til dette i 2023 samt god støtte frå næringslivet*
- *Frivillegsentralen møter stor velvilje i lokalsamfunnet og har fått inn mykje midlar utanfrå til ulike prosjekt. Det er stor pågang av eldre som vil bidra med arbeid, både ute, i og ved omsorgssentra.*

- Samarbeid med kriminalomsorgen om soning, skulane og bukolektiva

Frivillegsentralen er til stor hjelp i utføring av ulike kommunale oppgåver som køyring og bringing, og hjelper både på skular, eldresenter, dagsenter, teknisk og NAV. Det siste har utgjort knapt halvparten av stillinga til medarbeidar på frivillegsentralen. Vi har også siste året tatt på oss arbeidet som bilansvarlege i kommunen.

«Aktiv ferie» vart gjennomført med følgjande aktivitetar i og utanfor Giske kommune: Valldal klatrepark og Atlanterhavsparken med mat og drikke. Frivillegsentralen brukte mesteparten av pengane i 2023 på lokale tilbod, og fekk gjennom dette støtte lag og organisasjonar i kommunen med ca kr. 350.000.

Frivillegsentralen fekk kr 600 000 til aktivitetar gjennom BUFdir til desse tiltaka pluss støtte fra SBM som gjorde at aktivitetane kunne vere opne for alle.

Gjennom det kommunale sysselsetjingsprosjektet får ungdommar som står utanfor arbeidslivet god og variert erfaring med praktisk arbeid. Verdien av dette kan ikkje overdrivast.

Frivillegsentralen har ein unik posisjon i kommunen, og får gåvemidlar og anna støtte frå mange ulike kjelder. Sentralen gir eit lågterskeltilbod som blir sett stor pris på. 2023 vart eit rekordår når det gjeld all støtte som vart gitt frå eksterne.

Det ser ut som at einingane brukar Frivillegsentralen meir enn før. Dette skjer sjølvstund då dei ser at ein kan få meir ut av kvar krone ved eit samarbeid med frivillige. Men det er viktig at ein pleier forholdet til dei frivillige. Dei må ha føreseielege vilkår som passar inn med det andre dei er engasjert i. Og dei må bli sett og følt seg verdsett. Dette bør alle som er mottakar av eller samarbeider med frivillige, bite seg merke i.

Sentralen har også startet opp samarbeid med Fuki, som bidrar sterkt inn i arbeidet med flyktningar.

Samarbeid også med Vigra pensjonistlag og grunneigarar om stien langs Blindheimsfjellet fortsetter. Sentralen er også med på steinlegging av valderøyfjellet.

Frivillegsentralen arbeider saman med ungdomsarbeider i kommunen for å få til aktivitetar for ungdommen. Her har sentralen gjennom midlar fra BUF dir støtta både Mjølner og Giske sogelag med pengar til oppstart av opne møteplassar for ungdom. I tillegg er det lagt både pengar og arbeid ned i å opprette ein kommunal ungdomsklubb på Valderøya.

Biblioteket

- Aktive lånarar: 724 (522 i 2022)
- Institusjonslånarar: 145
- Besøk: 11 865 (7 291)
- Utlån: 14 607

Det var ein fin auke i tal på lånarar og besøk i 2023. Biblioteket var opne fem dagar i veka. Gjennom året 2023 har 1606 barn og vaksne vore med på ulike arrangement på biblioteket. Det har også vore ein del barnehage og nokre skulebesøk.

Tabell styringskort og styringsindikator 2023

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2023	Resultat 2023
Innbyggjarar	Kvalitet tilpasse dei økonomiske rammevilkåra	Plassering i forbrukarrådet sine testar av kommunal service	100 eller betre av kommunane i landet. 10 eller bedre av kommunane i Møre og Romsdal	Det er ikkje publisert resultat etter målingar i 2023
	Forenkling og effektivisering gjennom digitalisering	Etablert samarbeid med kommunar i regionen om digitalisering	Digitalisere timeregistrering til støttekontakter og fosterheimar.	I prosess
			Oppgradering av Acos Websak og møte+ samt skydrift er innført.	Gjennomført
			Anbudsprosess HRM og økonomisystem er gjennomført og planlegging av nytt system er oppstarta.	Anbudsprosess gjennomført.
		Nytt verktøy for styring og oppfølging er valgt og innføring	Verktøy er valt og vil bli tatt i bruk i 2024	

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2023	Resultat 2023		
Medarbeidarar	Velfungerande informasjons- og kommunikasjonskanal	Relevant informasjon er lett tilgjengeleg for innbyggjarar og tilsette døgnet rundt. System med digitale søknader mm fungerer godt	oppstarta. Videreutvikle og arbeide meir strategisk med informasjon til innbyggjarane. Giske kommune si heimeside er oppgradert.	I prosess		
	Beredskapsarbeid med rett kvalitet	Gjennomførte beredskapsøvingar og ajourført beredskapsplan	Beredskapsøvingar er gjennomført. Kompetanseheving i beredskapsarbeid er gjennomført. Vurdering av ressurs til beredskapsarbeid er gjennomført.	Gjennomført		
	Auke intern beredskapskompetanse	Gjennomførte øvingar	Øving på utvalde hendingar	Gjennomført		
	Velfungerande kvalitets- og internkontrollsystem	Gode tilbakemeldingar frå tilsette og innbyggjarar. Regelmessig rullering, og få avvik på tenestene som blir gitt	Jobbe vidare med rutine og prosedyrer for dei mest risikobelasta områda	I prosess		
			Statistikk over avvik og forbetningsforslag	Auke i meldte avvik og forbetningsforslag i alle einingar	Gjennomført	
			Internkontroll er integrert i planverk og rapportering	Alle einingar rapporterer systematisk på internkontroll		
			Tilgjengeleg plan - og oppslagsverk	Kvalitets- og personvernhandbok er utarbeidd	Eiga handbok er ikkje utarbeidd då all informasjon skal leggjast i compilo	
	Godt arbeidsmiljø og tilfredse medarbeidarar	Næversprosent	Resultat 10-faktor medarbeidarundersøking	Handlingsplan etter oppfølging av 10 - faktorresultat er utarbeidd	Gjennomført på einingsnivå	
			Vernerunder og arbeid i HMS-utval. Opplevd kvalitet på samarbeid mellom verneteneste/tillitsvalde og arbeidsgivar.	Systematisk HMS-arbeid vert gjennomført i tråd med HMS-årshjul og handlingsplanar. Samlingar med vernerunde er gjennomført med rett kvalitet	Gjennomført	
			Arbeid med leiarutvikling held fram	Kompetanseheving om sentrale faktorar er gjennomført	Leiarutvikling påbegynt i 2022 vart sluttført i 2023	
Enkel og effektiv support og drift ved hjelp av digitale verkty			Gjennomført opplæring på nye digitale verkty	Brukerhandbok i Visma Tid er etablert	Brukerhandbok er erstatta av opplæringsvideoar tilgjengelig i Compilo	
Økonomi	Staben har rett kompetanse	Gode tilbakemeldingar frå leing og tilsette	Plan for kompetanseheving stab er utarbeidd	Ikkje utført		
			Redusere sårbarheit i viktige stabsfunksjonar	Det er etablert tvillingskompetanse eller etablert samarbeid som fungerer med god kvalitet	Samarbeid med andre kommunar eller kjøp av tenester for sentrale stabsfunksjonar som er sårbare i dag (løn, rekneskap, arkiv m.m) er etablert	Vidareført til 2024
			Lav andel av administrative ressursar. God økonomistyring	Alle leiarar har kompetanse og forståelse for økonomi og økonomistyring	Kompetanseheving i budsjett og økonomistyring er gjennomført.	Vidareført til 2024
				Kostra Netto driftsutgifter på funksjon 120 administrasjon per innbyggjar	≥ kr 3 500 per innbyggjar	
	Kostra Netto driftsutgifter på funksjon 120 som andel av totale utgifter		6 %			
	Avvik i % av netto driftsramme		≤ 0	+ 6,7%		